

Nominasjonsreglement for xx lokallag

Lokallagsårsmøtet 2018

Nominasjonskomité vert vald, nominasjonsreglement vert vedteke og dato for nominasjonsmøtet vert gjort kjent.

Nominasjonskomiteen sitt arbeid:

I nominasjonsarbeidet er det viktig å søkje ein god balanse mellom fornying og erfaring. Det er vidare viktig å sikre ein jamn kjønnsrepresentasjon og nyrekruttering. Det blir difor tilrådd at det blant dei fire toppkandidatane er to kvinner og to menn, og at det blant dei tre toppkandidatane er ein ungdom. Erfaring tilseier at fleire bør få stemmetillegg dersom ein skal oppnå dette.

Framdrift:

- Våren** Lokallagsårsmøtet eller eit medlemsmøte vel nominasjonskomité.
Reglement for nominasjonsprosessen og prosedyre for nominasjonsmøtet vert vedteke på årsmøtet i mellomvalår.
- August** *Høyring*
Medlemene vert inviterte til å delta direkte i høyringane. Medlemene vert kontakta via brev, e-post og sosiale medium. Dei blir bedne om å kome med forslag på personar dei meiner bør stå på KrF si kommunestyreliste. Det blir lagt til rette for ein enkel måte å svare på. Eventuelle forslag skal vere sendt til lokallaget sin nominasjonskomité innan 1. september.
- September** *Kartleggjing*
Nominasjonskomiteen tek kontakt med sitjande representant(ar) og gjer dei kjende med innkomne forslag frå medlemene. Dei blir deretter bedne om å klargjere om dei er opne for renominasjon.
- Oktober** *2. gongs høyring til medlemene, høyringsfrist 1. november.*

Nominasjonskomiteen set opp ei liste som vert send ut til alle medlemmane, der dei vert inviterte til å kome med endringsforslag.

November Nominasjonskomiteen set opp endeleg forslag til valliste som skal behandlast på nominasjonsmøtet.

- Nominasjonskomiteen behandlar dei innkomne endringsforslaga.
- Nominasjonskomiteen kan, dersom dei ynskjer det, ha ei samtale med dei aktuelle toppkandidatane.
- Nominasjonskomiteen set opp forslag til valliste for nominasjonsmøtet i samsvar med "Lov om Stortingsval, fylkesval og kommunestyreval".
- Listeforslaget skal vere utfylt i rekkjefølgje med minimum sju kandidatar. Forslaget kan maksimalt innehalde eit tal kandidatnamn som tilsvarar det tal representantar som skal veljast til kommunestyret, med eit tillegg av inntil seks andre namn.
- Forslaget vert sendt ut til alle medlemmane i forkant av nominasjonsmøtet.
- For å sikre ein jamn kjønnsrepresentasjon, vert det tilrådd at lista vert sett opp med annakvar kvinne og mann.
- Vidare vert det tilrådd minst ein ungdom blant dei tre øverste på lista.

Nominasjonskomiteen er spesielt merksam på følgjande frå

Vallova:

Ved kommunestyreval kan eit visst tal av dei øverste kandidatane på listeforslaget gjevast eit stemmetillegg. Kandidatane får i så fall eit tillegg i sitt personlege stemmetal som tilsvarar 25 % av det tal stemmesetlar som kjem lista til del ved valet. Avhengig talet på kommunestyremedlemar som skal veljast, kan forslagstillarane gje stemmetillegg til følgjande tal kandidatar:

*11-23 medlemar: inntil 4
25-53 medlemar: inntil 6
55 medlemar eller fleire: inntil 10*

Namnet på kandidatar med stemmetillegg skal stå først på listeforslaget og med utheva skrift.

Januar/ februar Det vert halde nominasjonsmøte etter følgjande retningslinjer:

Nominasjonsmøtet

1. Lokallagsstyret sender innkalling til nominasjonsmøtet.
2. Nominasjonsmøtet består av alle medlemmar av lokallaget i kommunen.
Rett til å møte og å stemme har alle medlemmar som
 - har betalt forfallen kontingent registrert KrF sentralt
 - har stemmerett ved valet (det vil seie fødd 2001 eller tidlegare)
 - har vore registrert medlem i minst tre månaderMedlemene brukar i nominasjonsprosessen medlemsrettane sine i det KrF-laget dei er medlemmar. Møtet vert halde for opne dører dersom dei røysteføre deltakarane ikkje vedtek noko anna.
3. Nominasjonskomiteen gjer greie for nominasjonsprosessen og legg fram og grunngjev listeforslaget sitt.
4. Kandidatane vert presenterte.
5. Valet vert gjennomført. Dersom nokon krev det, vert det gjennomført skriftleg val.
6. Det skal førast protokoll over nominasjonsmøtet sine forhandlingar. Namna på dei som deltek på møtet, avgjerdene som er tekne og resultatet av avstemminga førast inn i protokollen.
7.
To frå lokallagsstyret vert valde til å skrive under protokollen og til å vere tillitsmann og varatillitsmann for lista. Lokallagsstyret er tillitsutval for lista. Tillitsutvalet vert mellom anna nytta når det er behov for endringar på lista etter nominasjonsmøtet. Dersom det blir behov for endringar på lista, bør hovudregelen vere at ein flyttar alle opp ein plass. Det kan likevel vere situasjonar der ein av ulike årsaker ynskjer å setje inn eit nytt namn. I slike tilfelle er det naturleg å innkalle til nytt nominasjonsmøte for å involvere heile organisasjonen i endringane.
8. Den nominasjonen som blir føreteken av nominasjonsmøtet er endeleg.
9. Den endelege lista, vedteken i nominasjonsmøtet og underteikna av to frå lokallagsstyret, vert innlevert til valstyret. Oversikt over kandidatane sin fødselsdato, og

oversikt over fødselsdato og bustadadresse til dei som har skrive under listeforslaget, følgjer som vedlegg.

Denne tilrådinga må brukast saman med vallova med forskrifter. Punkt 7 er i all hovedsak i følgje vallova, og må difor vedtakast som den står.

Innan 31. mars Den endelege lista, vedteken i nominasjonsmøtet, vert underteikna av to frå lokallagsstyret og innlevert til valstyret. Oversikt over kandidatane sin fødselsdato, og oversikt over fødselsdato og bustadadresse til dei som har skrive under på listeforslaget, følgjer som vedlegg.

Vedteke på lokallagsårsmøtet for XX KrF, dato.

Vallova finnast på: www.lovdatab.no/all/nl-20020628-057.html

